

Kvinnherad Turlag vart tildelt kr. 75.000,- frå SR-bank stiftinga.

24.06.2019



Kvinnherad Turlag ved Kjell Yri (leiar) og Klara Bakke (kasserar) mottek kr. 75.000,- i gåve frå SR-bank stiftinga.

Kvinnherad Turlag ved styreleiar Kjell Yri og kasserar Klara Bakke vart på SpareBank 1 stiftinga Kvinnherad si samling på fredag tildelt kr. 75.000,- . Løyvinga skal brukast til generelt arbeid med å fremja eit naturvenleg og trygt friluftsliv i Kvinnherad kommune. Tildelinga omfatta også Valen sjukehus/Valenstiftinga som fekk ein lik sum til kjøp av båt med påhengsmotor.

Løyvingane til Kvinnherad Turlag og Valenstiftinga vart tildelt av styret utanom den faste søknadsrunden haust og vår.

SpareBank 1 stiftinga Kvinnherad har i generalforsamling 19. juni godkjend styret sitt framlegg om rammer for utdeling hausten 2019 og våren 2020. På kvar av desse søknadsrundane vert det tildelt 10 mill. kr. I tillegg kjem tildeling til fire større prosjekt, av desse er klatretårn i Uskedalen.

Stiftinga har sidan 2011 motteke vel 121 mill. kr i utbyte frå SR-Bank. Av dette har stiftinga delt ut/reservert i underkant av 73 mill. kr.

Kjell Yri og Klara Bakke takka for gåva og fortel at midlane skal brukast til kursing, kompetansebygging og andre tiltak som stimulerer til turgåing og friluftsliv i Kvinnherad.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal